

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Alver kommune, ordfører og revisor (KPMG)**

Kopi: Varamedlem, kommunedirektør, økonomisjef, postmottak

Innkalling til møte i kontrollutvalet i Alver kommune**Møtedato:** 25.04.2023, kl. 09:00 – ca. 14:00**Møtestad:** Formannskapssalen, Kommunehuset Frekhaug**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg	Tentativ tidsplan
11/23	Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet		09:00
12/23	Godkjenning av protokoll frå møtet 21.02.2023	1	
13/23	Meldingar a. Kommunestyrevedtak Alver kommune - gransking personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i 2019 b. Svar på søknad om fritak fra folkevalgte politiske verv_endring vara c. Ny rettleiar frå NKRF om kontrollutvalet sitt sjå-til-ansvar d. Orientering om innkomne tilbud til konkurranse om revisjonstenester e. Endring i politisk styringsstruktur og reglement – handsaming i kommunestyret f. Oppfølging av henvending om Byggesaksavdelinga i Alver og klagehandsaming g. Henvending: VA Prosjekt - Risbekken, 5911 Alversund	2 3 4 5 6 - 8	
14/23	Årsrekneskap og årsmelding 2022 – uttale frå kontrollutvalet	9 - 10 (eitt ytterlegare vedlegg vert ettersendt)	09:20
15/23	Rutinar for klagehandsaming – oppfølging av sak 03/22	11 - 20	11:00
16/23	Orientering om Alver kommune sin innkjøpsstrategi	21	12:00
17/23	Forvaltningsrevisjonsprosjektet beredskap m.v – statusorientering og eventuell justering av prosjektplan	22	12:30
18/23	Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024		13:10
19/23	Møteprotokollar frå politiske utval		13:35
20/23	Eventuelt		

Ved forfall eller spørsmål til deltaking i møtet ta kontakt med kontrollutvalssekretariatet på e-post: trude.bruket@regionnordhordland.no eller tlf.: 97 01 98 93.

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&



Alver kommune

Med venleg helsing

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Sekretariat for kontrollutvalet
Region Nordhordland

Trude Bruket
Kontrollutvalssekretær



ALVER KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 25.04.2023

INNHALDSLISTE

11/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
12/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte	2
13/23 Meldingar	3
14/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 – uttale frå kontrollutvalet.....	4
15/23 Rutinar for klagehandsaming – oppfølging av sak 03/22.....	7
16/23 Orientering om Alver kommune sin innkjøpsstrategi.....	9
17/23 statusorientering forvaltningsrevisjonsprosjekt under arbeid.....	10
18/23 Framlegg til budsjett kontrollutvalsarbeidet 2024.....	11
19/23 Møteprotokollar frå politiske utval	13
20/23 Eventuelt	14



11/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SAKSOPPLYSNINGAR

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 25.04.2023 er godkjent.

12/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 21.02.2023

SAKSOPPLYSNINGAR

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 21.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.



13/23 MELDINGAR

- a. Kommunestyrevedtak Alver kommune - gransking personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i 2019
- b. Svar på søknad om fritak fra folkevalgte politiske verv_endring vara
- c. Ny rettleiar frå NKRF om kontrollutvalet sitt sjå til-ansvar
- d. Orientering om innkomne tilbud til konkurranse om revisjonstenester
- e. Endring i politisk styringsstruktur og reglement – handsaming i kommunestyret
- f. Oppfølging av henvending om Byggesaksavdelinga i Alver og klagehandsaming
- g. Henvending: VA Prosjekt - Risbekken, 5911 Alversund

Saksvedlegg:

- a. *Kommunestyrevedtak Alver kommune - gransking personalsaker ved Knarvik ungdomsskule i 2019*
- b. *Svar på søknad om fritak fra folkevalgte politiske verv_endring vara*
- c. *Digitalt vedlegg: [Ny NKRF-veileder for kontrollutvalgets påseansvar - NKRF](#)*
- d. *Mottatt tilbud - Revisjonstjenester til Alver kommune*
- e. *Digitalt vedlegg: [Dokument 23/8504 - Endring i politisk styringsstruktur og reglement jf.vedtak i KO sak 182/22 \(sing.no\)](#)*
- f. *Fwd_ Byggesaksavdelinga i Alver ignorerer framleis vår etterlysing av klagebehandlinga*
- g. *Fwd VA Prosjekt - Risbekken 5911 Alversund*
Kort sammendrag VA Risbekken
Siste e-postkorrespondanse mellom innsendar og kommunen_Mail 2023.04.13

SAKSOPPLYSNINGAR

Merk at sak 13/23 f er ei henvending som er ei oppfølging av hendinga som vart lagt fram for kontrollutvalet i sak 03/23 b. Denne saka danna bakgrunn for kontrollutvalssak 15/23 i møtet 25.04.2023. Vedlegga innsendar viser til er to av vedlegga til sak 15/23.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a - g til orientering.

**14/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022 – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET***Saksvedlegg:**Framlegg til uttale til årsmelding og årsrekneskap 2022_Alver**Digitalt vedlegg: [Årsmelding 2022 \(framsikt.net\)](#)**Digitalt vedlegg: [Årsrekneskap 2022 - Alver kommune \(framsikt.net\)](#)**Alver_kommune_revisjonsmelding_2022_KPMG (Vedlegg i eige dokument, pga dokumentSignatur)****Vert ettesendt:** Rapport om årsrekneskapen frå revisor*

SAKSOPPLYSNINGAR**Samandrag**

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon, § 3 andre ledd, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak.

Dokumenta som ligg til grunn for uttalen er Alver kommune sin [årsrekneskap 2022](#) og kommunen si [årsmelding 2022](#), samt revisjonsmeldinga frå revisor KPMG. Desse ligg ved saka. Revisor har også utarbeidd ein rapport om årsrekneskapen. Denne er utarbeidd for å gje kontrollutvalet meir informasjon enn den som inngår i revisjonsmeldinga. Denne rapporten vert ettersendt når den er ferdigstilt. Revisjonsmeldinga er det formelle dokumentet som dekker revisor si rapportering i høve lovverket.

Administrasjonen vil leggje fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022, og revisor vil leggje fram revisjonsmeldinga og tilhøyrande rapport om årsrekneskapen i møtet.

Bakgrunn og lovverk

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, medrekna å vedta årsrekneskap og årsmelding, jfr. kommunelova § 14-2. Årsrekneskapen sin funksjon er å gjere greie for inntekter og bruken av midlane som kommunen har til disposisjon, og må sjåast i samanheng med kommunen si årsmelding.

Årsrekneskapen skal innehalda driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar.

Detaljeringsgrada og presentasjonsforma for årsrekneskapen og årsmeldinga er i stor grad opp til kommunen sjølv å avgjera, men årsrekneskapen skal vise rekneskapstal på same detaljnivå som i årsbudsjettet. Kommunelova § 14-6 viser korleis kommunar skal utarbeida årsrekneskap, og § 14-7 omtalar kva som er lovpålagt å ha med i årsmeldinga.

Kommunelova §§ 14-6 og 14-7 seier også at årsrekneskapen og årsmeldinga skal leverast innan høvesvis 22.02. og 31.03. Fristen for revisjonsmelding er sett til 15.04, og kommunestyret må handsama årsrekneskap og årsmelding innan 30.06.

Det er revisor sitt ansvar å vurdere om årsrekneskapen og årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og å uttale seg om dette i revisjonsmeldinga, jamfør kommunelova §§ 24-5 og 24-8.



Sekretariatet si vurdering

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å avgjera kva uttalen til årsrekneskapen og årsmeldinga skal innehalda. Det er ikkje konkrete krav i lov eller forskrift, men det står at uttalen skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen, årsmeldinga og i den tilhøyrande revisjonsuttalen.

Både NKRF og FKT har utarbeidd rettleiarar til kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga. Desse kan lesast her:

[Veiledning - Kontrollutvalgets uttalelse til aarsregnskapet og aarsberetningen 210312.pdf \(nkrf.no\)](#)

[Veileder og mal for kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskap og årsberetning - nå på begge målformer - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

Sekretariatet har valt å først og fremst sjå til NKRF sin rettleiar, men har også sett noko på framlegget til mal for uttale frå FKT sin rettleiar, samt merka seg at FKT meiner at kontrollutvalet kan uttala seg om kommunal økonomisk bærekraft i uttalen til årsrekneskapen og årsmeldinga.

Revisor sin rapport om årsrekneskapen er utarbeidd til kontrollutvalet, for at utvalet skal kunne sjå til at kommunen sin rekneskap vert revidert på ein forsvarleg måte, jamfør kommunelova § 23-2 a, samt å gje kontrollutvalet ytterlegare innblikk i om den økonomiske forvaltninga føregår på ein trygg måte (kommunelova § 23-2 b). Dette er ein del av kontrollutvalet sitt såkalla «påse-ansvar/sjå-til-ansvar». I NKRF sin rettleiar vert det vist til at denne rapporten ikkje bør vera ein del av kontrollutvalet sin uttale. Revisjonsmeldinga skal omfatta det som vert rekna som «vesentlege forhold,» som er det kommunestyret bør ta omsyn til i si handsaming av årsrekneskapen og årsmeldinga. Det betyr at kontrollutvalet ikkje bør sende revisor sin rapport om årsrekneskapen vidare til kommunestyret som ein del av sin uttale om årsrekneskapen.

Kontrollutvalet sitt sjå-til-ansvar er elles er ei oppgåve kontrollutvalet føl opp løpande gjennom året, og rapporterer til kommunestyret om i si eiga årsmelding. Tema som ligg til sjå-til-ansvaret har ikkje ein naturleg plass i kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga.

Kontrollutvalet sin uttale bør, med bakgrunn i det ovannevnde, vere kortfatta og kun vise til årsrekneskapen, årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding, slik det står i lova.

Kontrollutvalet kan også uttala seg om tidsfristane i lova er haldne.

Sekretariatet viser til at alle fristar kring levering av rekneskapen er haldne og at revisor har gitt ei rein melding (normalberetning).

Sekretariatet meiner at årsmeldinga inneheld mykje nyttig informasjon for kontrollutvalet, kommunestyret, og andre som måtte vere interesserte i styringa av kommunen. Merk at ein må klikka på «utvid for fleire årsmelding» ca. midt på framsida for å få fram alle kapitla i årsmeldinga.

Rekneskapen er oversiktleg. For kontrollutvalet kan det gjerne vera nyttig å sjå på notane, der ein del av rekneskapstala vert forklarte.



Årsmeldinga for Alver kommune for 2022 er knytt til den lovpålagte rapporteringa, som er beskrevet i kommunelova § 14-7 c- f. Kommunedirektøren skriv i innleiinga at årsmeldinga «inkluderer ikkje verksemdbeskriving og måloppnåing knytt til kommunen sine ikkje-økonomiske mål (...) det er planlagt å publisera årsrapport for Alver kommune med beskriving av verksemda og korleis organisasjonen har jobba for å nå dei vedteke målsettingar for 2023.» Ein må gå ut frå at dette då vert ei sak for kommunestyret på eit seinare tidspunkt, som det kan vere nyttig for kontrollutvalet å orientere seg om.

Årsmeldinga inneheld også ei rapportering om internkontroll. Kommunedirektøren skal minst ein gong årleg orientere kommunestyret om internkontrollen, jamfør § 25-2 i kommunelova. Det er ikkje lovpålagt at orienteringa kjem i årsmeldinga. Det er nyttig for kontrollutvalet å orientere seg om rapporteringa om internkontrollen, som er den delen av eigenkontrollen som er kommunedirektøren sitt ansvar.

Årsrekneskapen skal ha ein driftsdel og ein investeringsdel (kommuneloven § 14-6 andre ledd). Alver kommune gjev også ei omtale av investeringar og ei bevillingsoversikt med kommentarar i årsmeldinga. Dette kan vere nyttig for kontrollutvalet å orientere seg om.

Måltal, som disposisjonsfond, netto driftsresultat, netto rentebetalende gjeld og netto lånegjeld, er omtala i årsmeldinga. Avvik frå måltal og bakgrunn for resultatata er forklarte. Avvik i høve budsjetterte løyvingar er også omtala i årsmeldinga. Desse tala kan gje eit bilete på kommunen si økonomiske handleevne over tid.

§ 14-1 i kommunelova handlar om grunnleggande krav til økonomiforvaltninga, og i første ledd står det: «Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivarettatt over tid.» Kontrollutvalet fekk i førre møte, sak 05/23 orientering om finansielle måltal og kommunal økonomisk bærekraft (KØB), som ei førebuing til rekneskapssaka (denne saka). Kontrollutvalet gjorde då følgjande vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om finansielle måltal, KØB og status for avlegging av årsrekneskapen til orientering.

Kontrollutvalet ser med uro på den økonomiske bærekrafta fram mot 2026 i lys av den vedteke økonomiplanen for perioden.

Det er gjerne naturleg at kontrollutvalet viser til dette vedtaket i uttalen til årsrekneskapen. FKT meiner at ein gjerne kan ta med ei vurdering av KØB i uttalen, og når kontrollutvalet har gjort eit slikt vedtak kan dei nemna det i sin uttale til årsrekneskapen. Sekretariatet opplever ikkje at informasjonen i årsmeldinga om dette er så tydeleg som den kontrollutvalet vart førelagt i førre møte.

Sekretariatet sin konklusjon

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å gje ein uttale i samsvar med vedlagte forslag. Kontrollutvalet har likevel høve til å knyte ytterlegare kommentarar til årsrekneskap og årsmelding, eller ta bort noko av teksten i framlegget.



Den vedtekne uttalen vert vidaresendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

15/23 RUTINAR FOR KLAGEHANDSAMING – OPPFØLGING AV SAK 03/22

Saksvedlegg

Miljø og tilsyn - Rutine for handsaming av klagesak - plan- og byggesak

Miljø og tilsyn - Rutine for handsaming av klage på gebyr

Generelle søknad og sakshandsamingsrutinar i byggesaker kontrollutvalet 15.6.2020

Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggesaker, med følgende vedlegg:

- *Vedlegg 1 - Supplement til omgjøringsbegjæring - v adv.kont Harris - 17okt 2019*
- *Vedlegg 2-Skriv til Alver kommune vedr feil i matrikkelen for gbnr 188-757 -seksj 37-parkering*
- *Vedlegg 3-Revidert - Stadfestar mottatt klage på seksjonering av parkeringskjellaren - gbnr 188757*
- *Vedlegg 4-Vedr - Krav om sletting av parkeringsseksjon seksj 37- svar frå Alver kommune dat. 17.01.22.*
- *Vedlegg 5 -Etterlyser manglande svar på klage feilseksjonering gjesteplassar gbnr 188_ 757 til bustadblokka sine 36 seksjonseigarar*
- *Vedlegg 6- Rammeløyve oppføring av bustadbygg med 36 husvære med parkeringskjellar 188-757 Knarvik*

SAKSOPPLYSINGAR

Samandrag

Tenesteleiar, arealforvaltning, Siril Sylta, kjem i møtet og orienterer om Alver kommune sine rutinar for klagehandsaming i byggesaker, med fokus på svarfristar og saksgang. Kommunalsjef teknisk forvaltning og drift, Anny Bastesen, eller kommunedirektør, Ørjan Forthun Raknes, stiller også i møtet og kan svara på eventuelle spørsmål.

Bakgrunn

Kontrollutvalet handsama i møtet 21.02.2023 ei henvending, sett på sakskartet som meldingssak 03/23 b) «Henvending: Vurdering av Alver kommune si klagehandsaming i byggesaker.» Kontrollutvalet gjorde vedtak om å få saka til handsaming i neste møte.

Henvendinga er knytt til ei pågåande enkeltsak, som normalt ikkje vert handsama av kontrollutvalet. Kontrollutvalet er heller ikkje eit klageorgan, men innsendar skriv at dei ber om «at vår sak vert teke opp i Kontrollutvalet med det for auga å setja lys på kommunen sin forvaltingskompetanse,



forvaltingspraksis og forvaltningsskikk innanfor plan- og byggesakshandsaming, og særleg sakshandsamar/kommunalsjefen sitt ansvar for god og heilskapleg opplysning av saker før vedtak (Forvaltingslova sine kvalitetskrav om "tilstrekkeleg opplysning av saka" som grunnlaget for gyldig vedtak), for klagerettleiing til berørte partar og ansvar for framdrift i klagehandsaminga.»

Kontrollutvalet vurderte det difor slik at dei kunne be om ei generell orientering om sakshandsaming og ansvar for framdrift i klagehandsaming innafor byggesaker. Saka som er innsendt kan kanskje brukast som case for å sjå på tematikken som vert løfta fram i henvendinga. Fokuset er altså på den generelle budskapet i henvendinga, ikkje på sjølve innhaldet i sakskomplekset som er presentert i denne enkeltsaka.

Heile henvendinga, med alle vedlegg innsendar la ved, ligg som vedlegg til saka til informasjon, sjølv om det ikkje er naturleg at kontrollutvalet går inn i detaljar i ei enkeltsak. Sekretariatet har sendt dette over til administrasjonen, slik at dei skal vera orienterte om heile sakskomplekset som innsendar viser til.

Det er bede om informasjon om svarfristar og saksgang i denne typen saker. I tillegg er administrasjonen bede om å ta med følgande i presentasjonen, basert på innspel kontrollutvalet sine medlemmer kom med i førre møte:

- Kor mange klager har kommunen fått på sakshandsaming i byggesaker?
- Korleis handsamar kommunen klager?
- Har saker har gått til rettsapparatet? Kor mange, og kva har utfallet vore?

Kontrollutvalet si enklaste kontrollform er å løfte ei sak og be om orientering frå administrasjonen. Dette er anbefalt at ein gjer, i høve kontrollutvalsboka, kapittel 4, s. 32. Informasjonen som kjem fram kan eventuelt takast med vidare i kontrollutvalet sitt arbeid.

Kontrollutvalet fekk elles orientering om generelle søknad- og sakshandsamingsrutinar i byggesaker i Alver kommune i møte 15.06.2020. Denne presentasjonen ligg også ved saka til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa om Alver kommune sine rutinar for klagehandsaming i byggesaker til informasjon.

Informasjonen kan nyttast i samband med ny risiko- og vesentlegvurdering, som vil starta opp når nytt kontrollutval er konstituert hausten 2023.

**16/23 ORIENTERING OM ALVER KOMMUNE SIN INNKJØPSSTRATEGI***Saksvedlegg: innkjopsstrategi-alver-kommune-2022-2025***SAKSOPPLYSINGAR**

Assisterende kommunedirektør, Martin Kulild, og rådgjevar innkjøp, Henriette Dale Bråthen, kjem i møtet og orienterer om Alver kommune sin innkjøpsstrategi.

Strategidokumentet ligg ved saka. Dokumentet vart handsama i Alver kommunestyre 07.04.2022:

[Dokument 22/20967 - Oppdatert innkjøpsstrategi Alver kommune \(sing.no\)](#)

Assisterende kommunedirektør, Martin Kulild, har også sendt over følgende informasjon knytt til oppfølginga av strategien.

«I administrasjonen sine verbalpunkt til budsjett 2023 var eitt punkt dette:

Auka kapasitet innkjøp

Det er trong for auka kapasitet knytt til innkjøp. Herunder gjennomføring av prosesser knytt til anskaffinger, e-handel (digital handelsløsning), rådgiving intern og eksternt (næringsdrivande i Nordhordland) samt kontraktsoppfølging. Det har gjennom dei siste åra vist seg at det ikkje er tilstrekkelig ressurser i organisasjonen til å gjennomføre innkjøp på områda der det er identifisert trong for rammeavtaler. I tillegg er det svært lite ressurser til å følgje opp vedteken innkjøpsstrategi og allereie inngåtte avtaler. Samla sett gjer dette at det er naudsynt å styrke innkjøpsfunksjonen i kommune med eit årsverk.

Det vart ikkje funne rom for løyving til tiltaket i årets budsjett (2023).»

Bakgrunn

I førre kontrollutvalsmøte gav revisor, Harald Mydland, KPMG, orientering om interimisrevisjonen (sak 04/23). Ei av revisor sine oppgåver er å testa kommunen sin internkontroll. I si opplisting over internkontrollsystem som er testa – og funne tilfredsstillande – hadde revisor med følgende punkt: *«I tillegg har Alver kommune vedtatt nytt innkjøpsstrategi. Her er det klart definerte mål og føringer, og det er tydelig at kommunen har fokus på effektivitet, antikorrupsjon og bærekraftsmål (i tilfeldigrekkefølge)»*

Kontrollutvalet ynskte å få ei orientering om denne innkjøpsstrategien. Offentlege innkjøp er eit felt med ei rekkje krav etter lov og forskrift, og eit område kontrollutvalet er anbefalt å følgje med på. I Alver kommune sin plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 var Innkjøp (inkludert sosial dumping) prioritert som område 3. Sjå kommunestyresak 113/20 her: [Dokument 20/66784 - Risiko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon \(sing.no\)](#) - Dette temaet har likevel ikkje blitt prioritert i inneverande kommunestyreperiode, då kommunestyret har kome med to bestillingar som opprinneleg ikkje låg inne i planen. Kontrollutvalet rapporterte dette til kommunestyret gjennom si handsaming av kontrollutvalssak 65/22.



Kontrollutvalet si enklaste form for kontroll er å løfte ei sak og be om orientering frå administrasjonen. Dette er anbefalt at ein gjer, i høve kontrollutvalsboka, kapittel 4, s. 32. Informasjonen som kjem fram kan eventuelt takast med vidare i kontrollutvalet sitt arbeid.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringa om Alver kommune sin innkjøpsstrategi til informasjon.

Informasjonen kan nyttast i samband med ny risiko- og vesentlegvurdering, som vil starta opp når nytt kontrollutval er konstituert hausten 2023.

17/23 STATUSORIENTERING FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT UNDER ARBEID

Saksvedlegg:

2023-04-14 Statusnotat forvaltningsrevisjonar beredskap og pandemi_ og barnevern

SAKSOPPLYSINGAR

Forvaltningsrevisor, Sindre R. Dueland, KPMG, har sendt over kort statusrapportering om dei to forvaltningsrevisjonsprosjekta som er under arbeid.

Prosjektplanen for «Forvaltningsrevisjon av beredskap mv.» vart vedteken i sak 62/22 i møtet 31.10.2022. Forventa ferdigstilling og handsaming av prosjektrapport var sett til juni 2023.

Prosjektplanen for «Forvaltningsrevisjon av barnevernet» vart godkjent av kontrollutvalet i sak 73/22 i møtet 21.11.2022. Forventa ferdigstilling og handsaming av prosjektrapport var sett til september 2023.

Revisor stiller i møtet og orienterer munnleg om statusrapporteringa.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek statusorienteringa om dei to forvaltningsrevisjonsprosjekta som er under arbeid, beredskap og pandemi – og barnevern, til informasjon.

**18/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2024****SAKSOPPLYSINGAR**

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 utarbeide spesifisert forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Etter kommunelova § 14-3 skal dette framlegget følgje innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, som mellom anna skal dekkja utgifter til aktiviteten i kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet er eit lovpålagd utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet har fleire oppgåver som er regulerte i lov og forskrift, og skal mellom anna uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga frå kommunen, utarbeide planar for, og bestille, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og rapportere til kommunestyret om dette.

Budsjettet til kontrollutvalet må innehalde kostnader knytte til revisjonsaktivitetar, sekretariatsarbeid, møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt, opplæring gjennom kurs og konferansar og møteutgifter mellom anna. Det er også anbefalt at budsjettet for kontrollarbeidet inneheld ein budsjettpost til uføresett kontrollarbeid.

Alver kommune kjøper revisjonstenester i marknaden gjennom rammeavtale. Ny rammeavtale skal på plass frå 2024. Kostnader knytt til revisjon er eit estimat basert på aktivitet i føregåande år. Kommunen har fastpris på rekneskapsrevisjon, men betaler for medgått tid for oppgåver knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og eventuelle andre revisortenester.

Kostnader knytt til kontrollutvalsekretariat er avtalefesta, gjennom selskapsavtale for sekretariattenesta i Region Nordhordland IKS (RNI).

I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2024, men ein må pårekne å bruke noko meir på opplæring, då det vert konstituert eit nytt kontrollutval hausten 2023. Dei seinare åra har det stort sett vore gjennomført 6 møter. Dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår kan det verta behov for fleire møte eller meirarbeid for revisor og/eller sekretariat. I 2022 var det 9 møter på grunn av mange store saker. I budsjettforslaget er det teke høgde for noko uføresett kontrollarbeid i 2024, men innafor ei relativt avgrensa ramme. Kontrollutvalet har høve til å be kommunestyret om ekstra midlar dersom uføresette kontrolloppgåver av større omfang vert naudsynte.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2024:



Alver kontroll og revisjon 2024	Kontrollutvalet sitt budsjett- framlegg 2024	Rekneskap kontroll og revisjon 2022	Kontrollutvalet sitt budsjett- framlegg 2023	Vedteke budsjett kontroll og revisjon 2023	Kommentar ar
Gransking personalsaker Lindås 2019	0	kr 942 902	kr 0	kr 0	1
Revisjonstenester	kr 1 000 000	kr 886 793	kr 1 200 000	kr 1 200 000	2
Andre tenester	kr 0	kr 0	kr 0	kr 0	
Sekretariat	kr 280 000	kr 248 000	kr 244 000	kr 244 000	3
Godtgjersle leiar, medlemmer, vara	kr 350 000	kr 416 000	kr 290 000	kr 290 000	4
Diverse møteutgifter	kr 35 000	kr 31 000	kr 24 000	kr 24 000	5
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 15 000	kr 13 000	kr 16 000	kr 16 000	6
Opplæring kontrollutvalet	kr 150 000	kr 64 000	kr 150 000	kr 150 000	7
IKT- utstyr+kommune-TV	kr 1 000	kr 1 000	kr 0	kr 0	
Uføresett kontrollarbeid	kr 200 000	kr 0	kr 200 000	kr 0	8
Totalt	kr 2 031 000	kr 2 602 695	kr 2 124 000	kr 1 924 000	

Kommentarar til tabellen:

1) I 2022 utgjorde kostnader knytt til ei granskings sak ein stor del av kostnadane til kontroll og revisjon. Kommunestyret gav ei eiga løyving til dette arbeidet, gjennom sak 035/22. Lina står i tabellen kun fordi det var kostnader i 2022, og vert ein mindre sum i 2023. Saka er avslutta for kontrollutvalet sin del.

2) Kostnad til revisjon føl av rammeavtale med revisor. I 2024 vil noverande revisor, KPMG fullføra revisjon av rekneskapsåret 2023 og dimed vera registrert som kommunen sin revisor fram til rekneskapsåret er godkjent i kommunestyret, i praksis til og med 30.06.2024, medan ny revisor – som vert engasjert etter innkjøpsprosess og vedtak i kommunestyret i løpet av 2023 – vil gjennomføra arbeid knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, herunder risiko- og vesentlegvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, samt revisjonstenester knytt til rekneskapsrevisjon av rekneskapsåret 2024. Budsjettalet er eit estimat, då kommunen betaler per time medgått tid for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og har fastpris på rekneskapsrevisjon. Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll vert bestilte fortløpande av kontrollutvalet.



- 3) Kostnad til kontrollutvalssekretariat følger av avtalt kostnadsfordeling mellom eigarkommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2022.
- 4) Kontrollutvalet sine eigne utgifter er knytt til fast årleg godtgjerdse, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjerdse, reiseutgifter m.m.
- 5) Diverse møteutgifter som møtemat, og evt. møterom.
- 6) Kontingent i FKT, forum for kontroll og tilsyn, fkt.no
- 7) Kontrollutvalsmedlemmene bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Dette er særskilt viktig i første året etter nytt kommunestyre er konstituert. Det vert jamleg arrangert kurs for kontrollutval av blant anna fagorganisasjonane NKRF og FKT.
- 8) Det er anbefalt å legge inn ein kostnadspost knytt til uføresett kontrollarbeid (jf. kontrollutvalsboka).

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 2 031 000,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

19/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SAKSOPPLYSINGAR:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga: [Møteplan 2023 \(sing.no\)](#)

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



20/23 EVENTUELT

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.